

Hordaland fylkeskommune
v/ Fylkesrådmann Rune Haugsdal

06.03.14

FORVALTNINGSREVISJON – Prosjektstyring

Deloitte har i samsvar med godkjend prosjektplan og bestilling frå kontrollutvalet datert 18.12.13, starta opp forvaltningsrevisjon av prosjektstyring i fylkeskommunen.

Formålet med prosjektet er å undersøke om fylkeskommunen har eit tilfredsstillande og fungerande prosjektstyringssystem, og om det er etablert gode rutinar for å lære av erfaringar frå gjennomførte prosjekt. Fokuset vil vere på byggeprosjekt som fylkeskommunen har gjennomført:

- Amalie Skram v.g.s. (/Helleren)
- Nytt sak- og arkivsystem (ePhorte)
- Tredje prosjekt (veljast i samråd med administrasjonen)

Kjelder i den aktuelle revisjonen vil omfatte dokumentanalyse, intervju og casestudie av dei tre ovannemnde prosjekta.

Vi ber om å få tilsendt følgjande dokument i samband med forvaltningsrevisjonen:

- Oversikt over organiseringa av dei to aktuelle prosjekta
- Delegasjonsreglement knytt til gjennomføring av investeringsprosjekt
- Økonomireglement knytt til gjennomføring av investeringsprosjekt
- Alle rutinar-/prosedyrar knytt til investeringar/byggeprosjekt, prosjektstyring, avviksmeldingar m.v.
 - Malar, sjekklister og verktøy
 - Krav til prosjektorganisering
 - Dokumentasjons- og sakshandsamingsrutinar
 - Handtering av usikkerhet og avvik
 - Internkontroll / HMS / Risikovurderingar
 - Avslutning / evaluering av prosjekter
 - Rutinar for val av kontraktsform og -oppfølging
 - Rapporteringsrutinar
- Alle fylkeskommunale vedtak som gjeld dei to aktuelle prosjekta
- Ev. dokument som gjeld prosjektplanlegging og prosjektstyring i samband med dei to aktuelle prosjekta
- Ev. informasjon om endringar i prosjekta
- Oversikt over ansvars- og myndighetsforhold i samband med investeringsprosjekt (inkludert ansvar for porteføljestyling)
 - Styringsdokument for ansvarlege einingar
- Annen relevant dokumentasjon

Vi ber om at vi får tilsendt dokumentasjonen i digitalt format innan 18.03.2014. Dokument kan gjerne sendast på e-post til underteikna.

Vi ber om at fylkeskommunen oppnemner ein kontaktperson for forvaltningsrevisjonsprosjektet som Deloitte kan samarbeide med i det vidare arbeidet med forvaltningsrevisjonen, mellom anna for å effektivisere samhandlinga, lette tilgang til dokumentasjon og organisering av intervju.

Eventuelle spørsmål om prosjektet kan rettast til prosjektleiar Jon Eikhaug på tlf. 414 18 943, eller per e-post til jeikhaug@deloitte.no.

Med vennleg helsing
Deloitte AS

Jon Eikhaug
Prosjektleiar